



FRÅ 300 TIL 190: Til konsertar i Bryne mølle har det vore selt inntil 300 billetter. Men lokalet er berre godkjent for 190 personar. No blir reglane skjerpa inn.

Færre slepp inn i mølla

Konsertlokalet i Bryne mølle er godkjent for 190 personar, ikkje 300 som «alle» har trudd.

BRIT ROMSBOTN | tekst og foto
br@jbl.no

REGELVERK: – Eit kjempeproblem, seier Svein Harald Kleppe i Brynerocken. Han fryktar for framtida både for Brynerocken, Ranglerock og det tradisjonelle julearrangementet.

– Blir ikkje godkjenninga for mølla utvida, fryktar eg at Jærntåttå blir det einaste som er igjen på Bryne. Me har fått gang på noko veldig gildt. Men ingen av oss har sjanse til å gjennomføra det me har gjort om talet på gjester må reduserast dramatisk, seier Kleppe.

Har selt 300 billetter

Bård Ystanes, driftsleiar i Storstova på Bryne, fekk seg ei overrasking då han like før jul tok fram regelverket for konsertlokalet i Bryne mølle. I godkjenninga som blei gitt i 2001 blir det slått fast at det maksimalt er plass til 190 personar i konsertlokalet.

– Mange arrangement har vore halde med 300 gjester. Årsaka er at me ikkje har vore klar over grensa på 190 personar. No er dette sjølv sagt strama inn, og det blir ikkje halde arrangement

med 300 gjester framover, seier Ystanes til Jærbladet.

Han seier at det er godt dokumentert at det ikkje kan vera meir enn 190 personar inne i lokalet på ein gong. Unntaket blir komande helg når Brynerocken skal halda konsert.

– Me blei ikkje klar over maks talet på 190 personar før billett saltalet var avslutta. No er det selt 300 billetter, og det er for seint å gjera noko. Men me er klar over at grensa er overskriden, og det vil vera ekstra godt vakthald under arrangementet, opplyser Ystanes.

Underskott på 150.000 kroner

For konsertarrangørane betyr dette betydeleg mindre inntekter.

– I talet på 190 er det også rekna med vakter og artistar. Igjen betyr det rundt 120 konsertdeltakarar. Reint økonomisk går det ikkje å arrangera konsertar med så få gjester, seier Svein Harald Kleppe.

Brynerocken som kvernlandsbuane Kleppe og Håvard Hømmeland står bak, hadde sitt første arrangement august 2011.

Den siste helga i august var planen ny Brynerock med fleire utanlandske band.

FAKTA

BRYNE MØLLE

- Bryne Mølle har vore i bruk om konsertlokale i meir enn 10 år.
- Konsertlokalet er godkjent for 190 gjester.
- Likevel er det blitt selt inntil 300 billetter når det har vore arrangement i Bryne mølle.
- Dette blir no skjerpa inn.

– Me har allereie booka eit band frå Nederland, to frå England og to frå Oslo. Med dei nye reglane for kor mange me kan ha inne i lokalet, ser me ikkje føre oss korleis arrangementet kan gjennomførast. Får me ikkje inn meir enn 140 gjester, vil me gå med underskott på cirka 150.000 kroner, meiner Kleppe.

I fjor gjekk Brynerocken med 20.000 kroner i pluss. Han seier at færre konsertdeltakarar både gir mindre billett sal og dårlegare inntekter på ølsal.

– Kven skal me sende rekninga til? Me er berre to privatpersonar som har gått i gang med dette sidan me vil at noko gildt skal skje. Me skal ikkje tena pengar på Brynerocken, men me kan heller ikkje tapa pengar. Me har også ein epost frå kommunen der det er opplyst at me har lov til å



VISSTE IKKJE: Bård Ystanes, driftsleiar i Storstova på Bryne, fekk seg ei overrasking då han like før jul tok fram regelverket for konsertlokalet i Bryne mølle.

sleppa inn 300 personar, opplyser Kleppe.

Ungdomsrock i fare

Han ser særleg føre seg at ungdomsrocken som etter planen skal arrangerast torsdag 29. august, står i fare.

– Ideen er at unge musikarar skal stå på scenen, og det er ein kveld me ikkje tener pengar på. Men det har gått fint å ha arrangementet, sidan me har tent pengar dei andre kveldane. Dersom inntektene dei andre kveldane ikkje dekkjer utgiftene, ser eg ikkje føre meg korleis ungdomsrocken kan halda fram.

Kleppe meiner Brynerocken

har tre alternativ.

– På Bryne er det ingen andre lokale som er eigna. Brynerocken kan sjølv sagt flyttast, men det er ikkje noko god løysing. Me kan også undersøka om det går an å få omgjort kontraktane me har gjort, men eg tykkjer det er veldig trist om arrangementet skal bli borte. Eit tredje alternativ er å prøva å få omgjort godkjenninga av lokalet.

Etter hans syn er det siste alternativet det beste.

– Me må få ny synfaring og ny godkjenning. Sjølv forstår eg ikkje kvifor mølla ikkje er godkjent for meir enn 190 personar, seier Svein Harald Kleppe.